



Bergen kommune  
Bergen Eldreråd  
Postboks 7700  
5020 Bergen

Dato: 15.05.2014  
Vår ref.: 2014/557-28  
Saksbehandlar: nilgrud  
Dykkar ref.:201400144-5 TOHJ

## Busstopp ved Ulset sykehjem

Vi viser til dykkar brev av 03.02.14 der de tek opp krav om busstopp ved Ulset sykehjem og brev av 30.04.14 frå Fylkeseldrerådet til Bergen Eldreråd.

Fylkeseldrerådet hadde til møtet i rådet 09.04.14 bedt om ei orientering frå samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune om kva som kunne vere løysing på kravet frå Bergen Eldreråd om busstopp ved Ulset sykehjem. Som det går fram av brevet frå Fylkeseldrerådet av 30.04.14 viste representanten frå samferdselsavdelinga til at det var mogleg at ein ville kunne finansiere naudsynte midlar til opprusting av utposingen ved Ulset sykehjem til busshaldeplass over Bergensprogrammet. Utposinga vart i si tid etablert for å lette svingebevegelsen for tunge køyretøy som skulle svinge inn til sjukeheimen under byggeperioden.

Samferdselsavdelinga viser til at det i Bergensprogrammet under posten gang- og sykkeltiltak er sett av 10 mill. kr. til gang- og sykkeltiltak på Salhusveien I (Ulset sykehjem-Ulsetstemma) og 6 mill. kr. til gang- og sykkeltiltak til Salhusveien II (Åsamyrane-Ulset). For dei to prosjekta er det eit restbehov på 24 mill. kr. etter 2014.

Statens vegvesen, som har ansvar for prosjekteringa av dei to tiltaka, viser til at det i tiltaket Salhusveien I er lagt inn busslompe på staden der det i dag er utposing på vegen ved sjukeheimen. Det vert og lagt opp til fortau og gangfelt mellom eksisterande busslompe på vestsida av Salhusveien og den prosjekterte busslomma. Statens vegvesen viser til at realisering av det omspurte tiltaket krev at Bergen kommune gjev dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til: / Fylkeseldrerådet v/Ingeborg Borgen Takle – Statens vegvesen v/Frode Aarland